

Lindås kommune

Plan- og miljøutvalet

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

19.12.2018

Innspel til plan om gang og sykkelveg Lindås- Mongstad

Me eig og bur på g-/ br. nr 126/7. Litlåsvegen 72. Her er våre innspel til planen som er på høyring.


Arealbruk

Då FV57 vart bygd, tok Statens Vegvesen (heretter kalla SV) 10 mål av innmarka på bruket vårt. Mykje av dette ligg urørt på vestsida av vegen. Der ligg og ein tilkomstveg langs fylkesvegen. Me har tidlegare peika at dette arealet må nyttast til den skisserte utvidinga. Tidlegare prosjektleiar Kjersti Myhre har og vore på synfaring og fått sett dette arealet. Me registrerer at det er ikkje teke omsyn til dette i høyringsutkastet.

Me krev at dette arealet må nyttast framfor å ta meir areal frå oss på austsida.

Det er i planen vist til at det er lite dyrka areal som vert råka av utbygginga. No er det slik at på eit lite bruk som vårt skal det lite til at inngrep i dyrka areal vert betydelege. For vår del vil det ha mindre konsekvens for dyrka areal, at ein brukar areal vest for eksisterande veg.

Løysing som er valt er og den mest plasskrevjande, er det dette me treng her? Det er tydeleg for oss at SV gøymer seg bak teksten i ulike handbøker dei har. Kvar blir det av sunn fornuft, økonomi og tilpassing til reelt behov.



Økonomi

Når det gjeld samfunnsøkonomi spør me om dette er god forvaltning av ressursar. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Kva er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute? Det er her folk bur. Når det gjeld gåande og syklande frå Kjeilen er det og her veg i forbindelse til den kommunale vegen.

Me er usikker på kva argument det er for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå Kolås krysset til Mongstad.

Lindås kommune har tidlegare lagt fram planar for kryss/ rundkøyning ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad. Korleis har de tenkt å knytte dette saman med denne planen?

Støy

Slik me tolkar det ligg huset vårt slik at me kjem innanfor raud sone når det gjeld støy. Vår tolking er at dette ikkje skal gjerast tiltak for i planen. Dette er heilt uakseptabelt.

Prosess

Som me tidlegare har sendt innspel om , synes me framgangsmåten til SV i denne saka har vore dårleg.

Me har bedt om dialog, men det har vorte ignorert frå prosjektleiar si side. Ny prosjektleiar har lova betring.

Landbruksutkøyning

Då FV57 vart bygd, vart det etablert ei landbruksutkøyning. Dette for at me skal ha tilkomst til det dyrka arealet me har vest for vegen. Me finn ikkje denne att i høyringsutkastet. Heller ikkje beskriving av korleis denne skal erstattast. Me må her få svar på korleis dette skal løysast.

Dyrka mark

Ved å leggja traseen slik som vist i høyringsutkastet vil me tapa dyrka mark.

Det er i planomtalen vist til at det er lite areal som vert berørt, men i forhold til det dyrka arealet me har på vår gard, vert det mykje for oss. Som tidlegare nemnd ser me ikkje noko problem med at det vert nytta areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida.

Me håper på positiv dialog, og regner med at de tek med våre innspel i vidare arbeid med denne planen. Me ynskjer å møte SV og Lindås Kommune for ny synfaring, slik at me kan få sett på løysingar gjeldande område Hope-Kjeilen-Mongstad.

Mvh Liv Marit Og Øyvind Hope